


Trygg og framtidsetta



Handlingsplan ved
urovekkjande
skulefråver



Time kommune

Innhald

Forord	s. 3
Definisjon	s. 3
Fakta om urovekkjande skulefråver	s. 4
Årsaker	s. 5
Tidlege teikn	s. 6
Førebygging og handtering	s. 7
Kva kan ulike instansar i oppvekst bidra med	s. 8
Vedlegg – ulike skjema	s. 9

Forord

Kommunalsjef oppvekst har sett ned ei tverrfagleg gruppe med oppdrag å arbeida ut ein handlingsplan for korleis oppvekst skal arbeida med og agera i høve til urovekkjande skulefråver som t.d skulk eller skulevegning.

Gruppa er sett saman av representantar frå barnevern, PPT, familiesenter, sosiallærarar og fagstab skule.

Målet er at handlingsplanen skal gjera alle tryggare på korleis ein kan hjelpa barn og ungdom og familiane deira ved skulevegning/urovekkjande fråver frå skulen.

Det er viktig å arbeida for å redusera urovekkjande skulefråver både på kort og lang sikt. Gruppa har valt å bruka omgrepet urovekkjande skulefråver som skal dekkja både skulk og skulevegning.

På kort sikt får urovekkjande fråver frå skulen konsekvensar for den faglege og sosiale utviklinga til eleven, han vil oppleva fallande meistringsoppleving, sosial isolasjon og fråveret kan føra til spenning og konflikhtar i familien.

Dei langsiktige konsekvensane er også alvorlege; med fare for fråfall i vidaregåande skule, manglande utdanning og arbeid, økonomiske problem, angst og depresjon. Og kanskje i ytterste konsekvens uføretrygd.

Det er nødvendig å ha ei systemisk tilnærming til urovekkjande skulefråver. Dette fordi utfordringane med skulevegning er samansette og komplekse. Utfordringane kan liggja i heimen, på skulen eller hos eleven sjølv.

Denne handlingsplanen inneheld ei beskriving av kva urovekkjande skulefråver er, kva rutinar som bør fylgjast og ulike skjema til bruk i arbeidet med eleven, føresette og i samband med igangsetting av tiltak.

Handlingsplanen tek utgangspunkt i Oslo kommune sin praktiske og faglege rettleiar om skulevegning. Det er også lånt frå Handlingsplanen til Hå kommune. Teorien som er lagt til grunn for handlingsplanen, er i all hovudsak henta frå Oslo kommune sin rettleiar.

Planen har vore til høyring i skular, fagstab, PPT, barnevern og helsestasjon. Det er tatt omsyn til tilbakemeldingar frå høyringsrunden i den ferdige planen.

Definisjon

Urovekkjande skulefråver.

Dei fleste barn og unge går på skulen frivillig og utan problem. Det er likevel nokre som har vanskar med å kome seg på skulen. Fråver frå den pliktige opplæringa kan vera gyldig eller ugyldig og skuldast ulike forhold. Skulevegning vert definert på ulike måtar. I denne rettleiaren nyttar me omgrepet *urovekkjande skulefråver*.

Urovekkjande skulefråver er: *Fråver frå undervisninga og det sosiale fellesskapet i skulen, gyldig eller ugyldig, av eit omfang som medfører uro for eleven si faglege utvikling, samt eleven si sosiale tilhøyrse og utvikling* (Ingul, 2001).

Urovekkjande skulefråver kan kjenneteiknast ved eitt av følgjande:

- Når barnet går på skulen, men forlet skulen i løpet av dagen
- Sporadisk fråvær frå einskildtimar og heile/halve dagar utan gyldig grunn
- Når barnet viser stor motstand mot å gå på skulen uttrykt ved sinne, gråt, redsle, protest og frustrasjon

Skulefråver kan førekoma på alle trinn. Det er vanleg å skilja mellom skulevegring og skulk.

Omgrepet *urovekkjande skulefråver* dekkjer både omgrepet skulevegring og skulk. Meir presist kan ein seia at skulevegring gjerne er at eleven har eit emosjonelt ubehag ved å gå på skulen. Eleven kjenner på frykt/angst/fobi og kan klaga over «vondtar». Eleven er gjerne interessert i skulearbeidet og ønskjer å gå på skulen, men klarer det ikkje. Eleven er heime og føresette veit det. Eleven kan vera innagerande og treng ikkje ha åtferdsvanskar.

Ved skulk er eleven gjerne uinteressert i og mislikar skule og lekser. Eleven prøver å skjula fråværet for føresette og skule. Eleven har ikkje frykt eller angst for å gå på skulen. Eleven er gjerne utagerande og kan ha åtferdsvanskar.

FAKTA

Urovekkjande skulefråver sin funksjon, fire undergrupper (Kearny, 2001):

Unngå negative opplevingar:

1. Unngå stimuli som vekker generell negativ affekt eller emosjonelt ubehag. Vegringa er ofte ikkje knytt til spesifikke situasjonar, men eleven opplever generelt ubehag i skulesituasjonen. Dersom eleven unngår skulen og dermed også unngår den negative opplevinga, vil vegringsåtferda verta forsterka og halda fram. I nokre tilfelle er ubehaget knytt til bestemte situasjonar som eleven vil forsøkja å unngå, for eksempel skulegarden eller ein bestemt vaksen på skulen. «*de som løper fra skolen*»
2. Unngå ubehagelege sosiale situasjonar eller evalueringssituasjonar. Skulevegringa sin funksjon er her meir knytt til at eleven unngår situasjonar der han må eksponera seg sosialt eller verta evaluert, for eksempel å snakka høgt i klassen, snakka med medelevar eller ha prøve. «*de som løper fra skolen*»

Oppnå positive opplevingar:

3. Oppnå merksemd frå foreldre eller viktige andre. I dette tilfelle er ikkje vegringa sin funksjon å unngå ein negativ situasjon, men at eleven oppnår noko positivt, i form av merksemd. Den positive merksemda vil oppretthalda og forsterka eleven si vegringsåtfærd. «*de som løper til foreldrene*»
4. Oppnå gode utanfor skulen. Her er vegringa sin funksjon også å oppnå noko positivt. Meir spesifikt kan det vera påskjønning eller andre konkrete gode som for eksempel TV, dataspel, vera med venner, shopping eller rus. «*de som løper fra hjem og skole*»

Kearny (2001) viser at det er eit visst mønster i at funksjon 1 og 3 oftast gjeld yngre barn medan funksjon 2 og 4 er vanlege for eldre barn og unge. Skulefråveret sin funksjon kan også endra seg over tid for den enkelte elev.

Årsaker til urovekkjande skulefråver, risiko og faktorar som beskyttar:

Urovekkjande skulefråver synes å vera ein samansett tilstand med mange faktorar som bidreg til at problemet oppstår (Ingul, 2005 m. fl.). Årsakene er gjerne samansette og mangfaldige, der faktorar ved individ og miljø påverkar kvarandre. Nedanfor følgjer eksempel på risikofaktorar og faktorar som beskyttar i høve til utvikling av urovekkjande skulefråver

	Risikofaktorar	Faktorar som beskyttar
Faktorar hjå eleven	• Sårbar for stress • Sjenert og innadvendt • Psykiske vanskar • Bekymring for andre ting enn skule • Låg sosial kompetanse • Få/ingen venner	• God sosial kompetanse • Prososiale ferdigheiter • Minst ein god venn • Gode meistringsstrategiar • Positivt sjølvbilete • Skulefagleg meistring
Faktorar ved familien	• Samspelsvanskar i familien • Psykiske lidningar hjå føresette • Manglande grensesetting • Lite sosialt nettverk • Einslege foreldre • Føresette med eigne negative erfaringar knytt til skule • Føresette er utrygge på om barnet har det bra på skulen	• God psykisk helse hjå føresette • Tydeleg grensesetting • Aktiv involvering i skulekvarden til barnet • Støttande sosialt nettverk • Godt samarbeid heim og skule

Faktorar ved skule	• Mangelfulle rutinar for registrering og handtering av fråver • Høgt lærarfråver • Dårlig klasse- og læringsmiljø • Mobbing: barn –barn, vaksen -barn • Liten kompetanse på psykiske vanskar • Lite tilpassa opplæring • Liten forutsigbarheit i undervisninga	• Godt registreringssystem og oppfølging av fråver • Tydeleg klasseleiing • Tilpassa opplæring • Trygg relasjon mellom lærar, elev og elevane imellom • Interne støttesystem • Tidleg involvering av andre aktørar • Handlingskompetanse på intervensjon ved skulevegving
---------------------------	---	---

Tidlege teikn på urovekkjande fråver kan vera:

- Forseintkoming
- Sporadisk fråver frå enkelttimar eller dagar (med eller utan gyldige meldingar).
- Teikn på mistriivnad hjå eleven
- Ekstremt inneslutta eller sjenert
- Er svært utrygg ved skulestart eller ved skulebyte, og ordinære tiltak for å tryggje eleven hjelper ikkje
- Snakkar aldri høgt i klassen
- Snakkar ikkje med vaksne eller medelevar eller berre med utvalde vaksne eller medelevar
- Viser motstand mot å vera ute i friminutt eller er avhengig av at ein bestemt vaksen eller medelev er tilstades
- Har ofte fysiske plager, som vondt i magen eller hovudet
- Gir nonverbalt og verbalt uttrykk for å vera nedstemt eller redd, generelt eller knytt til spesifikke situasjonar på skulen
- Trekkjer seg tilbake frå sosial samhandling og/eller skulerelaterte aktivitetar
- Viser utagerande åtferd, for eksempel sinne i situasjonar der eleven vert utsett for krav i skulekvardagen
- Viser motstand mot å delta eller forsøkjer å unngå enkelte fag, situasjonar eller aktivitetar på skulen
- Ringjer ofte heim i skuletida eller ønskjer å gå heim i løpet av dagen

Førebygging og handtering av urovekkjande skulefråver

Fråversrutinar

Kvar skule skal ha rutinar for føring av fråver med tydeleg ansvarsfordeling. Rektor er ansvarleg for at det blir utarbeidd rutine.

1.Føring av fråver

- a. Alle lærarar er ansvarlege for å føra fråver frå sine timar.
- b. Kontaktlærar undersøker fråveret hos elevane og har oppfølgingsansvaret.

2.Melding om fråver

Skulen skal gje føresette informasjon om dei rutinane som gjeld ved fråver. Ved fråver skal føresette ringja, senda SMS, e-post eller skriva melding i meldingsboka. Kontaktlærar avtalar korleis dette skal gjerast med si foreldregruppe. Dersom barnet viser motstand mot å gå på skulen, bør foreldra melda frå til skulen om dette.

3.Kontakt mellom skulen og heimen

Tett og godt samarbeid med heimen er viktig for å lukkast i arbeidet med urovekkjande skulefråver. Foreldra må få god informasjon om kva urovekkjande skulefråver er, og om kommunen/skulen sin prosedyre i slike saker. Det skal lagast ein samarbeidsavtale for ansvar og tiltak i dialog med foreldra.

- a. Ved fråver melder føresette frå til skulen første fråversdag.
- b. Dersom føresette ikkje tek kontakt med skulen etter første fråversdag, skal kontaktlærar så raskt som mogleg kontakta heimen for å avklara om det er gyldig fråver.
- c. Ved uro knytt til høgt fråver, skal skulen kartleggja situasjonen rundt eleven: Det må avklarast om årsaka til fråveret ligg i skulemiljøet. Det kan vera nyttig å ta med helsesøster i denne kartlegginga.

Kartlegg situasjonen rundt eleven:

- Mobbing?
- Sosialt miljø?
- Situasjonar som eleven er mykje borte frå?
- Faglege utfordringar?
- Deltek eleven i kroppsøving?

Kontaktlærar tek initiativ til samarbeidsmøte med heimen. Inviter gjerne med helsesøster. Lag ein samarbeidsavtale. Sjå eigen mal.

- d. Dersom eleven etter slikt møte (punkt c.) framleis ikkje klarer å møta på skulen, skal skulen/leiinga sørgja for vidare oppfølging og kontakt mellom skulen og heimen. Ein nyttar då kartleggingsskjema/sjekklistar og samarbeidsavtale som fins i «Handlingsplan mot urovekkjande fråver». Det kan og vera tenleg å drøfta saka med kontaktpersonen frå PPT og helsesøster.

4. Arenaer for drøfting av fråver på skulen.

- a. Fråver hos elevane skal vera faste tema på trinn/lagmøta.
- b. Leiinga går gjennom fråversføringa og skulen sitt samla elevfråver minst ein gong pr. semester.
- c. Dersom fråveret held fram etter at skulen har følgd rutinane sine (kartlegging og samarbeidsavtale/opptrappingsplan), skal fråveret drøftast i ressursteamet.
- d. Ressursteamet er tverrfagleg og sett saman av sosiallærar, helsesøster, representant frå PPT, barnevern og eventuelt SLT koordinator eller representant frå familiesenteret.

Kva kan dei ulike instansane i Oppvekst bidra med i samband med høgt skulefråver:

PPT

- Gir råd og samarbeider med skulen på individ og systemnivå
- Deltar på ressursteammøte
- Ei sak om skulevegring som blir meldt til PPT, vert starta opp med ein gong. Skulen nyttar vanleg tilvisingsskjema med avkryssing på skulevegring. Pedagogisk rapport skal og vedleggjast.
- Dersom føresette søker om fritak frå heile eller delar av opplæringsplikta § 2-1 i opplæringslova, skriv PPT ei sakkunnig vurdering. PPT kan innhenta informasjon hjå fastlege og evt frå BUP dersom føresette har gitt samtykke til slik informasjonsinnhenting. Kommunalsjef oppvekst fattar einskildvedtak på bakgrunn av PPT si tilråding.
- PPT sin kontaktperson til skulen kan kontaktast på tlf 51 77 60 00.

Helsestasjonen og familiesenteret

- Støtta samarbeidet mellom elev, skule og foreldre
- Delta i samarbeidsmøte
- Bidra i utarbeiding av tiltaksplanar og avtalar
- Tilby samtalar med elev og foreldre, saman og kvar for seg
- Heimebesøk
- Hjelpa til med å trekkja inn andre hjelpeinstansar om nødvendig
- Helsesøster har kontordag på skulane
- Kontaktinformasjon: Helsestasjon: 51776236/47702410
- Familiesenteret: 977 25 318

Barnevernet

- Støtta samarbeidet mellom elev, skule og foreldre
- Undersøkja faktorar i heimen som kan påverka skulefråver
- Familiesamtalar
- Rettleiing og støtte til foreldre i vanskelege situasjonar
- Tilby ulike tiltak
- Vurdera situasjonen til barnet etter Lov om barnevernsteneste

Vedlegg: Ulike skjema til bruk ved kartlegging

Kartlegging av skulesituasjonen	Notat:
Fråver og vegringsåtfærd hos eleven (Varigheit og hyppigheit av fråver, fråversmønster, heile dagar og/eller enkelttimar. Fråver knytt til fag, situasjonar, personar, aktivitetar. Mønster av vegringsåtfærd utan fråver, dvs at eleven forsøkjer å unngå enkelte fag, situasjonar, personar, aktivitetar.) Har eleven tidlegare i skuleløpet hatt mykje fråver eller vist vegringsåtfærd?	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller fritida?	
Vurdering av skulefagleg- og sosialkompetanse. Fag/område der eleven viser meistring og trivsel Fag/område der eleven har vanskar	
Enkelsituasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kvifor gjekk det bra denne gongen?	
Kva viktige vaksenrelasjonar har eleven på skulen og korleis fungerer desse?	
Kva viktige relasjonar har eleven til jamaldringar på skulen?	
Er skulekvardagen organisert, strukturert og kjend for eleven?	
Kva tiltak er prøvd på skulen og korleis har dette fungert? Kva tiltak er sett i gang i skule-heim samarbeidet og korleis fungerer det?	
Forslag til tiltak:	

Sjekkliste for informasjon frå eleven	Notat
Kva fag, situasjonar eller aktivitetar er det eleven liker?	
Er det fag, situasjonar eller aktivitetar som eleven opplever som vanskelege eller ubehagelege? (Les høgt eller svara på spørsmål framfor klassen, ha prøver, ha kroppssøving, fag der eleven må eksponera seg i ei gruppe, snakka med vaksne på skulen, be læraren om hjelp, jobba saman eller leika med medelevar, bruka skulen sine toalett, eta i klassen, reisa heimanfrå om morgonen, forlata foreldra, skulevegen...)	
Har eleven vonde følelsar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skulesituasjonen? Kva slags følelsar kan det dreia seg om? (trist, redd, flau, nervøs, engsteleg, sint)	
Har eleven negative tankar knytt til nokre av situasjonane ovanfor eller meir generelt i forhold til skulesituasjonen? Kva er det eleven tenkjer? (bekymringar, negative forventingar, tankar om kva som er skummelt eller vanskeleg)	
Har eleven andre bekymringar eller har eleven opplevd noko utanfor skulen som han/ho er oppteken av? Er det noko heime som uroar?	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen, skulevegen eller på fritida?	
Er det situasjonar eller aktivitetar utanfor skulen i skuletida som gjer det freistande for eleven å ikkje møta opp? (dataspel, møte venner, shopping, god mat, andre hyggelege ting som skjer heime)	
Kva lærarar eller andre vaksne på skulen har eleven eit godt forhold til, evt eit negativt forhold til?	
Situasjonar der eleven klarer å møta på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho til vanleg har vanskar med å delta i? Kva var det som gjorde at det gjekk bra?	
Er skulekvardagen oversikteleg og kjend for eleven? (har eleven oversikt over skuledagen og skuleveka, kva lærar/assistent som er inne i dei ulike timane, kven kan eleven gå til dersom det er behov for ein samtale, osv.)	
Har eleven gode venner?	
Eleven sine ønskjer og mål for korleis skulesituasjonen skal vera?	
Forslag til tiltak:	

Sjekkliste for informasjon frå føresette	Notat
Føresette si oppleving av eleven sin generelle trivsel på skulen og i fritida.	
Føresette si beskriving og forståing av eleven sine vanskar. Tenkjer føresette det kan dreia seg om skulevegring eller er det andre forklaringar?	
Vert eleven plaga eller mobba på skulen,, skulevegen eller i fritida?	
Beskriving av eventuell vegringsåtfærd heime. Er det vanskeleg å få eleven til å gjera seg klar til å gå på skulen om morgonen, har eleven fysiske plager i samband med krav om skuleoppmøte, men er elles frisk?	
Dersom eleven har fråver, kva skjer i tida eleven er vekke frå skulen? (dataspel, besøk av familie, ekstra merksemd frå føresette, treffer venner utanfor skulen, skulearbeid)	
Helsemessige forhold av betydning for eleven si fungering og fråver (eventuell sjukdomshistorikk, søvnrytme, matlyst)	
Har det skjedd plutselige endringar eller belastningar i familien som kan setjast i samband med eleven sine vanskar? (skilsmisse, flytting, søsken, sjukdom osv.)	
Enkelt situasjonar der eleven klarer å møte på skulen eller delta i aktivitetar som han/ho vanlegvis har vanskar med å delta i. Kva tankar har føresette om kva det var som gjorde at det gjekk bra i den situasjonen?	
Føresette si ansvarsfordeling når det gjeld å følge opp skule og skuleoppmøte.	
Eventuelt andre instansar som er involvert i familien	
Eventuelle andre støttespelarar i familien sitt nettverk	
Kva tiltak er prøvd ut heime og korleis har dette fungert? (Morgonrutinar, bytte av rollar mellom føresette, samtale med eleven)	
Føresette sine ønskjer og mål for eleven si framtidige fungering	

Samarbeidsavtale mellom elev, skulen, føresette og eventuelt andre involverte:

Forslag til punkt som må vera med i ein samarbeidsavtale

Langsiktige mål for samarbeidet:

Opptrappingsplan/delmål:

Kvart trinn inneber delmål med auka utfordringar for eleven. Delmåla skal tilretteleggja for meistring. Spesifiser kor lenge kvart trinn skal vara.

Delmål/trinn 1: fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar

Delmål/trinn 2: fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar

Delmål/trinn 3: fag/situasjonar/dagar der eleven deltek, eleven sitt behov for tilrettelegging eller støtte i utfordrande situasjonar

Generelle tiltak og ansvarsfordeling (Alle involverte partar skal ha sine ansvarsområde)

Kontaktlærer har ansvar for:

Sosiallærer har ansvar for:

Leiinga på skulen har ansvar for:

Føresette har ansvar for:

Eleven har ansvar for:

Andre involverte (PPT, familiesenteret, oppvekstkoordinator, helsesøster, lege, BUP...) partar har ansvar for:

Plan B: 2. line tenesta/barnevern

Dersom eleven ikkje klarer å møta som avtalt:

- Ved langvarig skulefråvær må skulen gjera ei totalvurdering, og kunne dokumentere denne saman med utprøvde og evaluerte tiltak, før ein sender bekymringsmelding til barnevernet ved høgt skulefråvær.
Høgt skulefråvær aleine er ikkje tilstrekkeleg grunnlag for bekymringsmelding til barnevernet. [Lenke til Statsforvalteren i Rogaland.](#)
- Føresette og barnet skal i utgangspunktet gje samtykke til at meldinga kan sendast. Om dei ikkje gjer samtykke, må det koma fram i meldinga at det ut frå barnets beste vurdering er konkludert med at opplysningsplikta/ meldeplikta er utløyst.
- Vurdera å melda eleven til BUP.
- Vurdera fritak frå opplæringsplikta.

Evaluering:

Form på og plan for evaluering av tiltaka vert avtalt (Evaluering bør skje fortløpande saman med eleven med vekt på meistring av delmål. Dato for neste møte og innkallingsansvar bør spesifiserast)